

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

Desember 2017



4-årsopplegg



Bispevisitas



Lys vaker



Prosjektkor

Kyrkjeposten vert distribuert til alle buslydar i Etne og Skånevik. Bladet blir betrakta som offentleg informasjon og nærmiljøblad. Kyrkjeposten er ikkje definert som uadressert reklame.



Gud i snikkarverkstaden

Jula sin løyndom - for ikkje å seie jula sitt mysterium - er at Gud går inn i menneskekroppen. Det er dette vi kallar «inkarnasjonen» som betyr «å gå inn i kjøtet». Det er kanskje ikkje ei vakker formulering, men den er treffande. Når Gud lét sonen sin bli menneske, skjer det ikkje i det høge og fjerne, men på golvet i ein snikkarverkstad i småbyen Nasaret.

Dette biletet, som er malt av den engelske kunstnaren John Everett Millais i 1850 og heng i Tate Gallery i London, viser ein svært realistisk og nær scene frå denne verkstaden. Men her er det gøymt mange løyndomar.

På overflata ser vi at biletet framstiller Josef, Maria og Jesus - i tillegg til to arbeidsfolk og ein gut med eit vaskefat. Josef sine armar er sterke og med tydelege blodårer. Golvet er dekt av spon. Maria trøystar Jesus som har fått eit sår i handa frå ein av naglane som ligg på bordet. Utanfor vindaugnet ser vi ein saueflokk som kikkar inn.

Då biletet blei utstilt fyrste gongen, vekte det sterke reaksjonar. Avisa The Times kalla det «opprørande» at kunstnaren framstilte Den heilae familien som vanlege og enkle folk, og detaljert framstilte dei støvete og skitne omgivnadene. Forfattaren Charles Dickens kritiserte at Jesus var malt som ein sutrete, raudhåra gut i pyjamas. Sjølv sagt visste både The Times og Charles Dickens at kyrkja trudde på Jesus som både sann Gud og sant menneske, men her blei det menneskelege likevel litt for menneskeleg.

Det var likevel ingen andre måtar å bli menneske på for Gud enn å gå heile vegen inn i det konkrete. Guds son landa midt i verda vår med alt det som følgjer med livet i kjøtet: blod, arbeid, støv, sveitte og husdyr. Jesus viser oss at ingenting



Photo: © Tate, London. 2017

Christ in the House of His Parents ('The Carpenter's Shop') 1849-50; Sir John Everett Millais, Bt 1829-1896; Tate, Purchased with assistance from the Art Fund and various subscribers 1921;

menneskeleg, sjølv ikkje det aller lågaste og vanlege, er skjult eller framand for Gud. Det gjeld framleis. Guds son har delt livets vilkår og veit kven vi er. Vi treng difor ikkje bruke mange ord når vi ber, men kan nemne augneblinken vår for Jesus i tillit til at han veit kva den rommar.

Eg veit ikkje om dei som kritiserte biletet den gongen tok inn all symbolikken som er skjult i detaljane. Her kjem nemleg ein større, guddommeleg dimensjon til syne i det kvardagslege: Jesus har blod på handa, han er sårå av ein av naglane på bordet, slik han seinare skal bli det på krossen. Langs veggjen står ein stige, og på den sit ei due. Dua er symbolet på Den Heilage Ande som viste seg over Jesus då han blei døypt og Faderen si røyst lydde frå himmelen: «Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede.»

På veggjen heng ein trekant. Den er ikkje berre eit verktøy, men også eit symbol for Treeininga: Faderen - Sonen - Den Heilage Ande. Guten som kjem inn med vaskefatet er Døyparen Johannes, ein slektning av Jesus. Og utanfor ventar sauene, eit symbol for oss, folket som treng Den gode hyrdingen.

Dette biletet fortel oss at Gud i Jesus er komen inn i den særdeles jordiske røynda vår, så nær som det er mogeleg. Det er det beste som har hendt verda vår. Det kan vi takke for denne jula.

Eg ønskjer dykk alle ein god og velsigna julefest!

*Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin*



Fredagskveld i Etne kyrkje

Fredagskvelden er på mange måtar blitt ungdommane sin kveld i kyrkja.

Annankvar fredag samlast ein ivrig gjeng frå 8.klasse og oppover til KRIK.

Klokka halv åtte kjem leiargruppene og set i gang med å rydda kyrkjesalen for stolar, førebur kveldsmaten, og riggar til kiosken. Det meste går av seg sjølv, for alle har sine oppgåver som dei har kontroll på.

Når alt er klappa og klart, kjem resten av KRIK gjengen, nokre har vore der mange gonger før, mens andre er nye. Leiargruppene ynskjer velkommen inni kyrkjesalen, informerer nye om opplegget for kvelden, og korleis me oppfører oss her i kyrkja. Kvifor det er viktig å respektera Guds hus.

Så startar aktivitetane. Det er mange slags kjekke leikar som alle kan vera med på. Poenget er ikkje konkurranse, men å ha det kjekt ilag. Frå musikkanlegget strøymar flott og ungdommelig musikk, medan ungdommane utfaldar seg i leik og moro.

Etter ein god time er det tid for andakt, kveldsmat, drøs og kiosk på kyrkjetorget. Men først må alle stolane på plass igjen. Då ser det nesten ut som ei mautua inni kyrkjesalen. Alle er i aktivitet, og rydderekorden er omlag 7 minutt !!

KRIK Etne er ein fin og triveleg samlingsplass for ungdommane, og me er svært takksame for at me har ei så funksjonell og fin kyrkje som me får lov å bruka på denne måten.

Reidun Solberg Sande



Andakt på Stova

Annankvar torsdag i både vår- og haustsemesteret er alle pensjonistar hjarteleg velkommen til å delta i andakt og triveleg kaffistund på Stova på Bustadskipinga.

Prestane byter på å halde andakt, og flinke damer diskar opp med alltid like gode kaker!

Velkommen til å vere med!

Datoar i vår: 11. og 25. januar,
8. og 22. februar, og 8. og 22. mars.





Lys vaken i Skånevik kyrkje

Ein flott gjeng med barn frå både Etne og Skånevik var samla i Skånevik kyrkje til ei flott helg med leik, song, dans, bibelforteljing og mykje meir.

Denne helga var det yrande liv i og rundt kyrkja!

Ein viktig del av Lys Vaken er å førebu og ta del i gudstenesta 1. søndag i advent.

Der deltok også Skånevik-speidarane.

Takk for ei flott helg!

Astrid Askeland Johnsen



Bibelreisa i Skånevik

Bibelhistoria er tema når Skånevik kyrkjelyd innviterar til kurset "Bibelreisen" på Skånevik bedehus tysdagar i februar og mars 2018.

Ved hjelp av gode historier og enkle bevegelser vil sokneprest Per Hjemdal leie ei spanande og aktuell reise der Gud og menneske går saman gjennom århundra.

Ein treng ikkje kunna Bibelen på førehand. Både den som har lest og den aldri har opna ein Bibel, får garanti frå soknepresten om at ein vil lære noko ein ikkje visste frå før.

Vel møtt!

BIBELreisen





Å møta kyrkjelyden utan-om gudstenesta er alltid ein viktig del av programmet når biskopen kjem på visitas.

Skånevik sokneråd skipa til bygdefest med variert program for heile kommunen, og ei fullsett idrettshall i Skånevik fekk mellom anna helse på ein opplagt biskop.



Ein annan sentral del av bispevisitasen i Etne var ein konferanse om kyrkjebygg.

Korleis skal ein ta vare på mange gamle kyrkjer, og kombinere det med bruken av ein ny?

Seniorrådgjevar Oddbjørn Sørmoen frå Kyrkjeleg Arbeidsgivarorganisasjon heldt foredrag om ulike måtar å tenke bruk av kyrkja på.

Etter synfaring i dei gamle kyrkjene, var biskopen sitt klare råd likevel at ein nok burde bruke den kyrkja mest som samla flest folk, altså nye Etne kyrkje. Dette tyder at ein om kort tid skal starta arbeidet med ei endring i forordninga av gudstenester i framtida.





Skulegudsteneste i Skåne-
vik kyrkje!

Tage Johs Hjelmervik
Eljervik får prøva bispe-
krossen. Han fekk også
vera sjefen til to prestar,
som pent måtte finne seg
i å stå og sitte på vikar-
bispens kommando!



Visitasgudsteneste med
oppsummerande
visitasforedrag og
kyrkjekaffi er alltid
avslutning på ein
bispevisitas.

Prost Svein Arne The-
odorsen leia kyrkjekaf-
fien, og ordførar Siri
Klokkerstuen takka for
besøket med å over-
rekke Kulturhistorisk
vegvisar frå Etne.

Velkommen igjen!



Visitasforedrag

ved bispevisitas i Etne 7.–9. og 12. november 2017

Kjære kyrkjelyd!

Det er flott å kunna avslutta visitasen her inni denne kyrkja som er beviset på at de er kyrkjelydar som vil noko. Både i Skånevik og her har eg møtt to sokn og mange flotte menneske som gjer ein innsats og som vil bygga kyrkjelyd. Vi har hatt ein lærerik og interessant kyrkjebyggkonferanse saman og eg har møtt lokalsamfunnet både på kyrkjelydsfest og gjennom møte med folk frå sokneråda og fellesrådet, staben, elevar og lærar og kommuneleiinga.

Om kyrkjer og gudsteneste

Då må eg starta med dei vakre kyrkjer som var bygd og ombygd for å møta behovet i si tid. Når ordføraren kallar dei Etne sine smykke er eg heilt einig. Likevel var det behov for ei ny kyrkje her i Etne. Når det kjem dobbelt så mange i den nye kyrkja og kyrkjebesøket totalt aukar så viser det at det var rett å satsa nytt.

Eg vil at de skal satsa og konsentrera gudstenestene om dei to hovudkyrkjene slik at det vert regelmessig gudsteneste der. Då vert det få i dei gamle kyrkjene, men dei kan enno brukast til gravferd og vigsel og nokre gudstenester.

Med meir regelmessige gudstenester i dei to hovudkyrkjene kan ein lettare få den gode vanen med å gå regelmessig til gudsteneste. Det treng vi, for i kyrkja er vi døypte og der høyrer vi til. Gudstenesta opnar opp for møtet med Gud, der trua kan leva og få næring, der vi kan høyra evangeliet om frelsa i Jesus Kristus. Det er ikkje nok å vita det, vi treng

at evangeliet vert sagt til oss på nytt, både gjennom ordet og i nattverden.

Kyrkjemusikk

Det er ei utfordring at det berre er 70% stilling og berre ein organist når det er to prestar som har gudsteneste. Då vert det vanskelig å halde gudsteneste samtidig i begge hovudkyrkjene søndag kl. 11, som jo er den vante gudstenestetida for folk flest. Kommunen har ansvaret for å halde kyrkja med ressursar til å gjennomføre dei forordna gudstenestene, så her trenger kyrkja fleire stillingsprosentar.

Trusopplæring

Både Etne og Skånevik kan vere stolte over trusopplæringstilbodet sitt. Her er mykje flott arbeid med ein relativt liten trusopplæringsstilling. Utfordringa er at trusopplæraren kan ikkje gjera alt aleine. Det trengst nokre uløna medarbeidarar som stiller opp og tar eit tak frivillig.

Skule-kyrkjesamarbeidet

Det var oppløftande å møta skulen. Eg fekk oppleve eit flott leseteater om reformasjonen både på kyrkjelydsfesten og på skulegudstenesta i Skånevik. Eg svara på spørsmål og hadde ein god samtale med elevar under spørjetimen på Enge ungdomsskule og eg hadde eit flott møte med lærarane. Eg vil utfordra dykk til å laga eit årshjul med ein enkel plan for skulegudstenester, omvisingar og samarbeid.

Takk til kommunen

Eg vil takka kommunen og ordføraren i Etne for gode møte og for at de reknar med kyrkja som ein viktig medarbeidar for å bygga eit godt lokalsamfunn. Det var nyttig å vera saman på Kyrkjebyggkonferanse her i kyrkja om korleis ein kan bruka dei flotte gamle kyrkjene og om utfordringane med vedlikehald og planlegging.

Etter desse gode samtalane vil eg utfordra dykk på å få til ei meir tenleg og mindre tungvint organisering av samhandlinga mellom fellesrådet og kommunen. Og eg vil igjen nemna at organistressursen er for liten i forhold til behovet ved gudstenester, og det gjeld sjølv om ein reduserer i dei gamle kyrkjene.

Takk

Eg takka for ein god visitas med mange gode opplevingar. Takk til alle som har vore med å gjera i stand, ikkje minst sokneprestane, sokneråda, staben og kyrkjevevja skal ha takk for god tilrettelegging. Takk for ei innhaldsrik og opplysende visitasmelding. Takk også til prosten som har vore med å leggja til rette og planlegge denne visitasen. Han har vore med heile vegen og er biskopens forlenga arm til Etne når eg sjølv ikkje er her.

Og så nokre utfordringar til dykk, som summerer opp denne visitasen. Om eit år vil eg ha ei melding om korleis det har gått med desse utfordringane:

- * De høyrer til i kyrkja, gå difor regelmessig til gudsteneste!
- * De må samarbeide med prosten om eit nytt framlegg til gudstenestefordeling med meir regelmessige gudstenester i dei to hovudkyrkjene.
- * Ta tak i rekruttering og oppfølging av uløna frivillige medarbeidarar, så nye grupper kan utfordrast til ei avgrensa teneste.

* Det må lagast ein skule-kyrkjeplan som hjelp i det gode samarbeidet.

* Hald fram tradisjonen med temakveldar med undervisning for vaksne.

* Nye må inspirerast til å verte faste gjevjarar, og gjevargleda må både organiserast og forkynnast fram.

Og med desse utfordringane takkar eg for meg, og reiser frå Etne og Skånevik med mange flotte inntrykk frå desse dagane. Eg ynskjer Guds velsigning over kyrkja og over folket som bur her.

Björgvin bispestol, 12. november 2017

Halvor Nordhaug

Foredraget er noko forkorta

Biskop Halvor Nordhaug held sitt visitasforedrag, medan prost og sokneprestar lyttar.



Spanande konsert-oppleving i Etne kyrkje



14. januar er du velkomen til ei annleis konsertoppleving i Etne kyrkje. Christian Stejskal kjem og fortel si gripande historie om pilegrimsferda si frå fødebyen Wien til Aksum i Etiopia og derfrå til Kairo.

Christian Stejskal, fødd og vaksen opp i Wien i Austerrike, er ein norsk fiolinspelar, fotograf og historieforteljar basert i Kairo sidan 2010. Han studerte ved musikkakademia i København, Hannover og Bern, og har arbeid i dei fleste profesjonelle orkestra i Norge. I 2010-13 var han 1. fiolinist ved Kairo Opera Orchestra, samstundes som han arbeidde med sitt bokprosjekt om Zabaleenarane. Han har

også reist i Gaza og vitja over 185 FN-skular for palestinske born med eit musikalsk eventyr om Oksen. I tillegg til framsyninga om zabaleenarane, har Stejskal også hatt utstilling og indiske sigøynarar.

Zabaleenarane var i internasjonale medias søkelys i 2009 då den Egyptiske regjeringa tok den kontroversielle avgjerda å slakte Zabaleenaranes 350.000 griser, heile deira livsinntekt, under utbrotet av den internasjonale svineinfluensaen.



Etter pilgrimsferda flytta Christian Stejskal inn i Sjøppelbyen, saman med «Zabaleenerne» som er Kairo sine uoffisielle, kristne søppelarbaeidarar. Han fortel om den store forskjellen mellom heimen i Sjøppelbyen og arbeidet som fiolinist i orkesteret ved Operaen i Kairo.

Ved bruk av fortellingar, fotografiar, video-vignettar, arabisk musikk og koptisk sang spilt på fiolin, tar Christian Stejskal publikum med på ei reise gjennom livet til syv forskjellige menneskeskjebnar i Kairos søppelområder – deira gleder og personlege prøvingar, tragediar og livets små triumfer.

Velkomen til Etne kyrkje 14. januar kl. 19.00

Dørene blir opna kl. 18.30. Varigheit: 90 minuttar pluss pause.



4-årsopplegg

11 flotte og flinke 4-åringar har vore samla til dåps-skule på kyrkjetoget i Etne kyrkje no i november. Både smykke, englar og julekrubbe har blitt med heim. I sentrum har historia om kva som hende i



høgtida som står for døra, vore, men fellesskap rundt god kveldsmat hørde også med.

Takk for i år!

Prosjektkor

Vil de skipa i stand gospelkonsert? Det var spørsmålet frå to amerikanske songarar som planlegg turné i Noreg. Alt de treng, er eit kor!

Organist Solveig Sørheim tok utfordringa på strak arm, og tillyste den tredje utgåva av Etne prosjektkor. Og denne gong har meir enn 40 glade songarar meldt seg!

Det blir svingande lovsong og jublande gospel med nokre kvileskjær med rolegare rytme innimellom, når Angela Primm og Elsa Harris entrar scena i Etne kyrkje saman med songglade amatørar, den **13. mars**.

NB: Har du lyst til å vera med i prosjektkoret, er det slett ikkje for seint! Oppmøte torsdagar kl. 1930-2100, utan krav om forkunnskap eller notelesing. Berre songglede!



Har du ein dåpskjole til overs?

Å finna kjole til dåpsbarnet kan vera ein glede for dei som har familieklenodiet klart, for andre kan det vera ei praktisk utfordring, og for nokre ei stor kattepine.

Kyrkjekontoret har eit ønskje om å kunna tilby utlån av dåpskjole til familiar som feirar dåp i kyrkjene våre.

Har du ei kjole hengande som du kan donera til dette føremålet?

Me tek gjerne i mot fleire, i ulike storleiker og fasongar, så det er mogleg for nybakte foreldre å finna ein dei likar og som passer til bornet deira.

Me ber om at kjolen må vera i brukbar stand, rein og pen. Om den er gamal eller ny, sydd eller hekla, er ikkje viktig.

Ta kontakt med kyrkjekontoret om du har ei dåpskjole du kan gje vekk!



I samband med Etne Bruktvu sitt 5-årsjubileum den XX oktober, gav Harald Grønnevik oss eit skrånlegk på gjenbruk og jordisk gods. Kyrkjeposten seier hjarteleg takke til alle som gjev til og handlar hos bruktbuikken, og ikkje minst til Harald for glimrande lesing!

Livets gang

Døypte:

Stodle

01.10 - Macmiliam Fosshaug-Bjelland

01.10 - Eline Markbus Krokå

Etne

08.10 - Petter Marius Queiroz-Fosse

08.10 - Erik Ramstad-Stolås

08.10 - Even Vik Håland

08.10 - Anders Tesdal

19.11 - Amelia Haugen

19.11 - Signe Matre

10.12 - Magnus Helgevold Jordal

Gravlagde:

Gjerde

25.10 - Ivan Møland

Stodle

13.11 - Arne Bjørn Svendsen

Gjenbruk

Unge folk i dag har ei merkeleg livsinnstilling, heilt ukjent i vår generasjon. Så det er ikkje så greitt å veta korleis ein skal takla det: Ungane våre vil berre ha det dei har bruk for. Me har forsiktig prøvd å prakka på dei frå våre velfylde overskotslager, alt frå bord og stolar til fat, skåler, nips og finare kaffiservise.

Svaret er vanlegvis nei. Dei har ikkje plass til det og slett ikkje bruk for det. Det må seiast at innimellom passerer småsaker gjennom nålauga. Då blir me glade, men det monar ikkje stort.

Dei kan og lata ord falla om at husveret vårt er noko overmøblert. Og me skjønar kva dei meiner, sjølv om me heller vel å kalla det heimekoseleg. Men om dei no ser det slik, kunne ein kanskje venta at dei ville hjelpa oss av med litt masse. Det gjer dei ikkje.

Dessutan må ein spørja om dei ikkje sviktar eit av vår tids fremste miljøtiltak, gjenbruksforretningane. Med ei slik livsinnstilling handlar dei sjølv sagt lite, og frå deira tynt møblerte stover kjem få varer. Men vent til den dagen dei skal rydda etter oss. Då vil hyllene fyllast med alle slag klenodia. Sjå fram til det, alle de som driv bruktbuikk!

Dei undrar seg sjølv sagt og over at me oppsøker slike stader. Me burde heller halda loppemarknad enn å gå på slike. Og sant nok, det kunne blitt ein marknad av dei heilt sjeldne. Men me er likevel ikkje klar for det.

Det kjem kanskje av alle gledene slike stader har gitt oss. Å finna skattar gøymt inni eit ras av vekksortert skrot, gir kriblande spenning i kvardagen.

Eg minnes endå dagen på veg heim frå skipsbesøk i Liverpooldokkane, då eg i høgre augnekroken skimta ei fin, gammal porselensskål i vindauga til ein Oxfambuikk i Aigburth Road. Korleis eg vrengde bilen ut av køen og inn til ei kortvarig, ulovleg parkering på fortauet for avhenting av klenodiet til 2 pund. Rett nok er der ei lita sprikke i kanten, men den snur me vekk i skapet, og når me serverar noko godt frå skåla, er det det folk er opp-tekte med.

Eller fjellskoia frå Ølen, der det også ligg eit skattkammer, og der dei i tillegg har ein av verdas fremste salsmenn. I 2. høgda sto før eit stort restlager frå den tidlegare skohandelen i lokalitetane. Eg feste meg ein dag

ETNE



ved ein framifrå fjellsko i hyllene. To storleikar til og med, og den minste passa perfekt, så eg bad om å få prøva den andre skoen og.

Det var berre dei to, sa verdas beste salsmann. Det var no dei som blei ståande att. Men han ville gjerne at eg prøvde dei på. Det hender ofte at høgre - og venstrefoten på folk ikkje er heilt like store, og av og til er det heller ikkje så mykje skilnad på skonummera, sjølv om hoppet her var to heile nummer. Opp trappene og på med skorner. Han meinte det såg rimeleg bra ut, og kva er no 200 kroner til eit edelt føremål som gagnar både kropp og sjel for Ølsbuen.

Etter ei prøvevandring opp til ein middels hög topp i Skånevikstraktene, avgjorde eg under tvil at det var eit bomkjøp, og let skoparet gå den vegen der dei mest truleg høyrer heime.

Ei oppleving rikare var eg likevel, for berre 200!

Slik kunne lista med kjøp og opplevingar gjerast lengre. Vakre lokafat, eksklusivt Spodeservice, stråmønsterkuppet på Myrorna i Malmø, for ikkje å snakka om bestedressen min frå Frislid, som eg rett nok måtte sy opp så beina ikkje sopte i bakken.

Den har kledd meg vel i mange feststunder. Og sjølvsagt eikeskrivebordet frå bua i Etne, der eg kan sitja med vidt utsyn over Skåneviksfjorden og skriva slikt som dette.

Dei velsigna bruktbuene finnest på mest kvart hjørne no, og grunnen er sjølvsagt at mange av oss eig for mykje og treng å bli kvitt ting og tang. Problemet er vel at me også er den beste kundekrinsen og på noko uheldig vis fyller opp igjen det rommet me etter mange tunge funderingar har klart å rydda i heimen.

Som nemnt har unge folk i dag ei anna innstilling.

Kva som er mest rett og kristeleg, er vanskeleg å seia. Sjølv har eg alltid halde det for ei dygd å ta vare på ting og handfaste tradisjonar, og nyss kom eg over ein artikkel i eit kyrkjeleg blad om den gode materialismen. Det må passa på meg, tenkte eg. Men samtidig innser eg at ordet om å samla skattar på jorda trugar volumet av jordisk gods som eg sit på.

Eg treng meir tid til å tenkja over dette. Så inntil vidare får det bli som det er.

Livets gang

Døypte:

Skånevik

15.10 - Arvid Johan Lygre

Gravlagde:

Skånevik

27.10 - Harald Thomassen

02.11 - Ragnar Ness

10.11 - Inge Arild Åsheim

28.11 - Rune Tungesvik

30.11 - Ashjörg Pedersen

SKÅNEVIK

Gud gir - vi deler

Trusopplæring i Etne og Skånevik

Kyrkja har gleda av å invitere til trusopplæring! Ta løftet frå døypefonten på alvor, og gjev ditt barn høve til å oppleve mysteria i trua, tilpassa den einskilde sin alder.



8 år: Tårnagenthelg

Gjerde kyrkje laurdag 19. og søndag 20. januar.

Invitasjon til barn i Skånevik og Etne kjem i posten.

0 år: Babysang i Etne kyrkje.

Invitasjon til barn i Skånevik og Etne.

Torsdagar - dato for oppstart kjem på nettsida.



Tripp Trapp Treff i Skånevik bedehus første gong 10. januar.

Tripp Trapp Treff på kyrkjetoget, Etne kyrkje første gong 17. januar.

Samling om lag annakvar veke i Skånevik og Etne.

Opningstider

Onsdag og fredag 11-16, laurdag 11-15

Velkomen innom for ein god handel!



REMA 1000



Etne Bilservice

Lundal
KVALITET SIDAN 1870

Takk til våre annonsørar!



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen



Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord

Ølen Begravelsesbyrå

DØGNVAKT - Tlf: 53 76 82 03
www.olenbb.no

ETNE - VINDAFJORD - TYSVÆR



**ETNE
EL. LAG**

altibox

Bruk din lokale kraft- og breibandleverandør!



Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik:

Eli Synnøve S. Garvik

Soknerådsleiar Etne: Arnold Solheim

Leiar i Etne kyrkjelege fellestråd:

Jørgen Hopland

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad

Kyrkjevevjerje

Tlf. 960 16 864



Randi Frette

Kyrkjelydssekretær

53 77 11 75



Per Hjemdal

Sokneprest i Etne

41 12 65 49



Astrid Askeland Johnsen

Trusopplæringsmedarbeidar

90 20 74 21



Stein Ove Skadal

Sokneprest Skånevik

47 48 30 27



Bjørn Stødle

Kyrkjegardsarbeidar

91 19 99 60



Solveig Sørheim

Organist

40 28 68 71

Adresse: Enge 5, 5590 Etne

Telefon: 53 77 11 70

E-post: kyrkjevevjerja@etnekyrkja.no



Gudstenestekalender

24. desember	13.00	Frette	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	13.30	Fjæra	Familiegudsteneste	Stein Ove Skadal
	14.30	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	16.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	16.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Stein Ove Skadal
25. desember	12.00	Etne	Høgtidsgudsteneste	Per Hjemdal
	12.00	Skånevik	Høgtidsgudsteneste	Stein Ove Skadal
31. desember	11.00	Skånevik	Høgmesse	Stein Ove Skadal
01. januar	12.00	Etne	Høgmesse	Stein Ove Skadal
07. januar	11.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
14. januar	11.00	Skånevik	Høgmesse	Stein Ove Skadal
21. januar	11.00	Gjerde	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
28. januar	11.00	Fjæra	Høgmesse	Per Hjemdal
	19.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
04. februar	11.00	Skånevik	Høgmesse	Stein Ove Skadal
	17.00	Frette	Høgmesse	Stein Ove Skadal
11. februar	11.00	Etne	Høgmesse	Stein Ove Skadal
18. februar	11.00	Stødle	Høgmesse	Per Hjemdal
	18.00	Skånevik	Høgmesse	Per Hjemdal
25. februar	11.00	Etne	Høgmesse	Stein Ove Skadal
	17.00	Fjæra	Høgmesse	Per Hjemdal
4. mars	11.00	Grindheim	Høgmesse	Per Hjemdal
11. mars	11.00	Skånevik	Høgmesse	Stein Ove Skadal
18. mars	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal

Kyrkjeposten treng di støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder seier takk for alle gåver!

Kontonummer: 3543.13.03246

Vipps: 112914, merk med «Kyrkjeposten»